**Turløype i utmarksområdet nord-vest for Fonnes fører oss fram til Vardetangen, vestlegaste punktet på fastlandsnoreg ( 4° 56" 43,182 Ø Gr ).**

The route takes you through natural scenery north-west of Fonnes and leads to Vardetangen, the western-most mainland point in Norway. (4° 56" 43, 182 East).






*Vardetangen, Norges vestligste fastlandspunkt.* Foto: Knut Risnes

## Rute og ymse av interesse

Vi kjem fram til løypa ved å ta av frå Rv565 på Fonnes (Ervikdelet) **(1)** og fylgjer anten veg fram til snøggbåtkaien **(2)** eller veg til Ervik **(6)**.

Løypa er ei rundløype som kan delast opp i alternative turar, sjå kartet:

1. Rundløype gjennom heile løypa med startpunkt (parkering) anten ved snøggbåtkaien i Nordre Fonnesvågen **(2)** eller ved kaien i Ervik **(6)**. Lengde ca. 5 km. Frå snøggbåtkaien og til Ervik går løypa på opparbeidd turstig gjennom lett terreng. Resten av turen frå Ervik **(6)** om Fonnes (Ervikdelet) **(1)** og attende til snøggbåtkaien **(2)** fylgjer løypa kommunal veg.

## Route and places of interest

You get to the staring point by leaving Rv 565 at Fonnes (Ervikdelet) **(1)** and following the road to the express boat quay **(2)** or the road to Ervik **(6)**.

The walk is a circular route that can be split into three alternative walks:

1. A round trip, starting from the express boat quay (parking) at Nordre Fonnesvågen **(2)**, or from the quay at Ervik **(6).** (Distance approximately 5 Km.). From the express boat quay via Vardetangen and on to Ervik the walk takes you along a prepared walk and easy terrain. The remainder of the walk, from Ervik **(6)**, via Fonnes (Ervik-

**Sjå Tur 51 for reiserute og fotturar**
See Tour 51 for route and walks

2. Tur frå snøggbåtkaien **(2)** til Vardetangen **(5)** (ca. 1,5 km) og retur same vegen.
3. Tur frå Ervik **(6)** og til Vardetangen **(5)** (ca. 1,3 km) og retur same vegen.

Denne gjennomgangen av løypa startar ved snøggbåtkaien **(2)** der hurtigbåtane mellom Bergen og Sogn/Nordfjord har sin første stoppestad på veg nordover frå Bergen og siste stoppestad på veg sørover. Her er det god parkeringsplass.

I første delen av løypa fram til Årevikane **(3)** kan ein ta med barnevogn. I Årevikane er det offentleg badeplass med toalett. Badeplassen er barnevennleg med langgrunn sandstrand. Det går og sti mellom mellom Årevikane og Tresvik **(4)**.

Frå Årevikane går stien vidare langs stranda med utsyn mot Fensfjorden og Gulen kommune på andre sida av fjorden.

Det er ikkje noko uvanleg syn om vi får sjå tankbåtar som ligg oppankra på rekke og rad ute på Fonnesflaket og ventar på å kunna reisa til eller frå Mongstad.

Etter ein kort motbakke er vi oppe på Vardetuva. No ser vi Vardetangen **(5)**, vestlegaste punktet på fastlandsnoreg, markert med ein stor steinvarde. Attmed varden er det laga til rasteplass og det er lagt ut «turbok» som vi kan skriva namnet vårt i. Med sitt vide utsyn mot fjella i aust, fjorden i nord og øygarden i vest, er Vardetangen ein vakker stad når været er i godlag, men når kuling og storm blæs opp frå nord eller nord-vest, er det heller ei barsk oppleving å halda seg på denne vesle tangen som har Fensfjorden som næraste nabo.

Rundt Vardetangen er det fint å fiska frå land etter torsk, lyr og pale.

Frå Vardetangen går vi langs høgdedraget innover mot Ervik **(6)**. Terrenget er flatt og ope der lyngen dekker det meste. I aust ser vi det store oljeanlegget på Mongstad, og i sør-vest innløpa til Fonnes-straumen og Kilstraumen.
Stien endar ved kaien i Ervik **(6)**. Ein mindre skyssbåt («Fergen») gjekk i rute mellom Ervik og Mastrevik fram til bruene over Fonnes-straumen og Kilstraumen kom i 1971.

Frå Ervik kan vi fylgja bygdevegen opp til Fonnes **(1)** og vidare ned gjennom Tresvik og fram til snøggbåtkaien/parkeringsplassen **(2)**. Langs det meste av vegen ligg det gardsbruk og gardstun. Når vi kjem ned mot Nordre-Fonnesvågen, ser vi nausta liggja tett i tett rundt vågen og fortel at sjøen og fisket har vore viktig for mange.

Det er laga ein pins frå Vardetangen. Dei som ynskjer å ha Vardetang-pins'n som prov på at dei har vore på det vestlegaste punktet på fastlandsnoreg, kan få pins ved å kontakta Austrheim kommune, opplysningstenesta, telf. 56169050.

delet) **(1)** and back to the express boat quay (2), takes you along public roads. You can also start from Ervik **(6)**, if you prefer.

2. Walk from the express boat quay at Nordre Fonnesvågen **(2)** to Vardetangen **(5)** (approximately 1,500 metres), returning the same way.
3. Walk from Ervik **(6)** to Vardetangen **(5)** (approximately 1,250 metres), returning the same way.

The walk has two alternative starting points, one from the express boat quay at Nordre Fonnesvågen **(2)** the other from the quay at Ervik **(6).** The following description of the walk starts at the express boat quay where the express boat from Bergen has its first call on its way north to Sogn/ Nordfjord. Parking is available at the quay.

The first section of the walk from the parking area to Årevikane **(3)** is suitable for families with children in prams. There are public sea-bathing facilities at Årevikane . The sandy beach and shallow water is suitable for children. There is a footpath between Årevikane and Tresvik **(4).**
The walk carries on from Årevikane along the beach with views of the Fensfjord and Gulen on the opposite side of the fjord.

You may well see large oil tankers standing by and awaiting their turn to put in to the refinery at Mongstad.

After climbing a short hill you are at the top of Vardetuva and can see Vardetangen **(5)**, the western-most point of mainland Norway, marked with a large stone cairn. There is a resting place near the cairn and you can sign the visitors book here. Enjoy the panorama views, from the mountains in the east to the fjords in the north and the islets off the western coast. Its a nice place to be in good weather, but when the North Sea storms blow up it can be a rough experience on this outpost of the Fensfjord.

The waters around Vardetangen offer good shore-fishing and you will most likely land cod, pollack and coalfish.

From Vardetangen , walk along the heights towards Ervik **(6)**. The terrain is flat and open and for the most part covered in heather.

To the south-east you can see the refinery at Mongstad, and to the south-west the neck of the Fonnes and Kil tide-races.

The path ends at the Quay at Ervik. The sound was crossed by ferry until the bridges were built in 1971.

From Ervik , you can take the road up to Fonnes (Ervikdelet) **(1)** and further on descending to Tresvik and on to the express boat quay **(2)**. Farms flank most of the road. When you approach Nordre Fonnesvågen, you will see boat-houses clustered together around the bay, a sign that the sea and fishing has been an important part of daily life in the area.

A souvenir pin can be obtained from Austrheim Council Information Office proving that you have visited Norway's western-most mainland point. Call Tel. 56 16 90 50 for details.

---

***Hugs:***
*Grunneigarane har opna opp for turvegen, og alle som fylgjer veg og sti må forvalta denne invitasjonen på best mogeleg måte. Hugs og lat att grindar, ver var om dyr i marka, og far fint med naturen. Ver merksam på lokale reglar for bandtvang for hundar. Sjølv om fotturane er lagt godt tilrette og merka, kan det alltid vera noko som endrar seg, eller synest å mangla. Dei som har lagt turane tilrette, tar ikkje ansvar for skader eller anna som måtte skje under turen. Turen blir gjennomført på eige ansvar og risiko.*

***Remember:***
*The landowners have opened their land to visitors, and no-one using the roads or paths should abuse this invitation. Remember to close gates behind you, don't disturb or feed animals, and take care with nature. Dogs must be on a lead. Although the walks are well marked and prepared, things may change, or appear to be missing. Those responsible for laving out the walks do not accept any responsibility whatsoever for any injury or damage caused during any participation in any or all walks.*

Lagt tilrette og utgitt av Hordaland fylkeskommune i samarbeid med Fylkesmannen i Hordaland,
Landbruksavdelinga og Hordaland og Bergen Reiselivsråd.


**Kopiering er ikkje tillatt** **All rights reserved.**
BODONI HUS